



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 12

(2004–2005)

Om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 5. november 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Avtale mellom Noreg og Sverige om økonomisk samarbeid, med særleg vekt på energi- og industriområda, vart underteikna 25. mars 1981. Til avtalen vart det same dato underteikna ein Protokoll om opprettelse av Svensk-Norsk Industriefond (SNI). Den svenske staten skaut inn 200 millionar SEK i fondet, mens den norske staten skaut inn 50 millionar SEK.

Konsulentselskapet KPMG utarbeidde etter oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet og Næringsdepartementet i Sverige ein evalueringsrapport om SNI i 2001, der det blei konkludert med at fondet måtte få tilført minst 200–300 millionar SEK for å kunne vidareføre si eksisterande finansieringsverksemd. Det var ikkje politisk ønskjeleg verken frå norsk eller svensk side å løyve slike summar. Saman med næringsminister Leif Pargrotzky sette nærings- og handelsminister Ansgar Gabrielsen difor ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere det framtidige arbeidsområdet til SNI. I denne gruppa deltok Nærings- og handelsdepartementet, Utanriksdepartementet, SND/Innovasjon Noreg, svensk UD, Næringsdepartementet i Sverige, Verket för näringslivsutveckling (NUTEK) og SNI.

Arbeidsgruppa kom fram til at SNI bør avviklast, og at dei resterande midlane i stiftinga på om lag 50 millionar NOK bør overførast til eit felles program forvalta av Innovasjon Noreg og NUTEK.

På denne bakgrunnen vart det forhandla fram ein avtale om endring av protokoll om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid. Avtalen inneber ei avvikling av SNI og oppretting av eit nytt program for vidare næringslivssamarbeid mellom Noreg og Sverige. Avtalen vart underteikna i Stockholm 19. mai 2004.

Parallelt med arbeidet i arbeidsgruppa gjorde styret i SNI eit vedtak om å avvikle verksemda i stiftinga. Aktiva i stiftinga skal overførast til den svenske og den norske staten i høve til dei opphavlege innskota, noko som medfører at den norske staten vil få 20 % og den svenske staten 80 %. I vedtaket vart det vidare uttrykt eit «ønske om at midlene som den norske resp. svenske stat mottar i fellesskap skal benyttes til å fremme næringslivsutvikling i Sverige og Norge.»

2 Nærare om dei enkelte føresegnene i avtalen

Innleiinga viser mellom anna til avtalen av 1981 om økonomisk samarbeid mellom Noreg og Sverige og protokollen om oppretting av SNI.

Det vert vist til brev frå SNI 28. oktober 2003 der styrevedtak om avvikling av stiftinga er referert.

Artikkel I slår fast at det skal opprettast eit program for vidare næringslivssamarbeid mellom Noreg og Sverige, og skisserer innhaldet i programmet.

Artikkel II gjer greie for formålet med programmet, som er å vitalisere det svensk-norske næringslivssamarbeidet gjennom etablering av fellesprosjekt. Det er lagt vekt på at ein del av dei årlege midlane bør gå til tiltak som stimulerer næringslivsutviklinga i grenseregionane, spesielt i område med få selskapsestableringar.

Artikkel III seier at programmet skal gå over minst fem år.

Artikkel IV slår fast at programmet skal finansierast med dei midlane som vert overleverte den svenske og den norske staten ved avviklinga av SNI.

Artikkel V gjer greie for organiseringa av programmet, mellom anna opprettinga av eit sekretariat med representantar for Innovasjon Noreg og NUTEK.

Artikkel VI slår fast at avtalen trer i kraft den dagen partane har meldt frå til kvarandre gjennom noteveksling om at dei nasjonale konstitusjonelle prosedyrane er fullførte.

Artikkel VII regulerer prosedyrane for oppseiing av avtalen.

Artikkel VIII slår fast at avtalen erstattar den opphavlege protokollen om oppretting av eit fond for svensk-norsk industrielt samarbeid av 25. mars 1981.

3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Den norske staten overførte til saman 50 mill. SEK i grunnkapital til SNI i 1987 og 1988 som tilskot over 70-post, men frå 1991 ført som innskotskapital i kapitalrekneskapen. Desse overføringane utgjorde 1/5 av den opphavlege grunnkapitalen i fondet. Den svenske staten tilførte dei resterande 4/5. Når SNI vert avvikla, vil den attverande grunnkapitalen på om lag 50 mill. NOK bli ført tilbake til dei respektive statane etter same fordeling som dei opp-

havlege innskota, noko som inneber at om lag 10 millionar NOK går tilbake til den norske statskassa. Som ei følgje av endringsavtalen vil desse midlane bli overførte til det nye programmet som Innovasjon Noreg og NUTEK skal forvalte. Innovasjon Noreg vil få sine administrative kostnader dekte av programmidlane. Ratifikasjon av endringsavtalen inneber difor ei omfordeling av midlar og inga netto utgift eller inntekt.

I tråd med ovannemnde, og for å gjennomføre endringsavtalen og styrevedtaket i SNI, vert det gjort framlegg om følgjande budsjettvedtak:

Kap. 2421 Innovasjon Norge

Post 53, (ny) Program for næringslivssamarbeid, fond

Det vert løyvd om lag 10 mill. NOK til Innovasjon Noreg som norsk del av overføringa av den resterande grunnkapitalen i Svensk-Norsk Industrifond. Midlane vert løyvde over kap. 2421 Nærings- og handelsdepartementet, ny post 53 Program for næringslivssamarbeid, fond.

Kap. 3900 Nærings- og handelsdepartementet

Post 72, (ny) Tilbakeføring av grunnkapital frå Svensk-Norsk Industrifond

Om lag 10 mill. NOK vert tilbakeført til statskassa og løyvd som inntekt under kap. 3900 Nærings- og handelsdepartementet, ny post 72 Tilbakeføring av grunnkapital frå Svensk-Norsk Industrifond på statsbudsjettet for 2004.

4 Vurdering

Endringsavtalen inneber ei avvikling av SNI og oppretting av eit nytt program som får overført til seg alle midlane i SNI. Avviklinga av SNI har si årsak i at stiftinga ikkje sit inne med dei ressursane som trengst for å vidareføre arbeidet, og at det ikkje er ønskeleg å tilføre stiftinga så store summer som ei vidareføring vil krevje. Dei resterande midlane i stiftinga vil bli forvalta på ein meir effektiv måte gjennom den alternative bruken, ved at det norske og det svenske verkemiddelapparatet får i oppgåve å administrere pengane.

Opprettinga av det nye programmet inneber ei vidareføring av det svensk-norske samarbeidet gjennom ei betre organisering og forvaltning av midlar som alt er løyvde. Det nye programmet vil medverke positivt til samarbeidsprosjekt mellom norske og svenske næringslivsaktørar. Vidare vil det kunne stille midlar til rådvelde for nærings-

Om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid

livsprosjekt til markering av unionsoppløysinga. Det kan nemnast som særleg viktig å ikkje nedprioritere det svensk-norske samarbeidet ved inngangen til 2005.

Nærings- og handelsdepartementet tilrår at avtalen vert ratifisert. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid

I

Stortinget samtykkjer i at Noreg ratifiserer avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid.

II

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2421		Innovasjon Norge	
(ny)	53	Program for næringslivsamarbeid, fond	10 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3900		Nærings- og handelsdepartementet	
(ny)	72	Tilbakeføring av grunnkapital frå Svensk-Norsk Industrifond	10 000 000

III

Stortinget samtykkjer i at aktivert kapital i statens kapitalrekneskap, ved avvikling av Svensk-Norsk

Industrifond, vert sett ned frå 52,7 mill. kroner til null ved korrigering mot konto for forskyving i balansen.

Vedlegg 1**Avtale mellom Sveriges regjering og Norges regjering om endring av protokoll om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid**

Sveriges regjering og Norges regjering,

- i. som 25. mars 1981 vedtok en avtale om økonomisk samarbeid, særlig på industri- og energiområdene,
- ii. som samme dag kom til enighet om en protokoll om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid og i tråd med protokollen har opprettet stiftelsen Fondet for svensk-norsk industrielt samarbeid,
- iii. som har tilført kapital til stiftelsen på til sammen 250 millioner svenske kroner, hvorav den svenske stat har tilført 200 millioner svenske kroner og den norske stat 50 millioner svenske kroner,
- iv. som 28. oktober 2003 har mottatt brev fra stiftelsen i hvilket det ble meddelt at dets styre har vedtatt etter godkjenning fra länsbestyrelsens i Stockholms län å overlevere sine aktiva til den svenske og den norske stat i tråd med artikkel III i protokollen om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid og i samsvar med § 24 i fondets vedtekter
- v. som noterer seg at stiftelsen i sin beslutning uttaler at overleveringen skjer med henvisning til formålsparagrafen for Svensk-Norsk Industrifond og et ønske om at de midler som den svenske og norske stat mottar i fellesskap benyttes til å fremme næringslivsutviklingen i Sverige og Norge

har med det formål å vitalisere det svensk-norske næringslivssamarbeidet blitt enige om følgende:

Artikkel I

Et program for fortsatt næringslivssamarbeid mellom Norge og Sverige opprettes. Programmet skal bygge på eksisterende behov og prioriteringer i de respektive land, samt forsterke pågående nasjonale program og virksomheter for å oppnå synergieffekter. Kunnskaps- og informasjonsspredning, samt kontaktskapende tiltak skal være en viktig del av instrumentene for å fremme næringslivsutviklingen i og samarbeid mellom landene.

Artikkel II

Programmet skal ha til formål å vitalisere det svenske og norske næringsliv gjennom å fremme etableringen av samarbeidsprosjekt mellom svenske og norske små og mellomstore foretak, samt gjennom å fremme handelsutbyttet mellom landene. En del av de årlige programmidlene bør gå til prosjekter som stimulerer næringslivsutviklingen i grenseregionene, spesielt i områder med få selskapssetableringer.

Artikkel III

Programmet skal pågå i minst fem år.

Artikkel IV

Finansieringen av programmet skal skje med de midler som stiftelsen har overlevert den svenske respektive norske stat i forbindelse med avviklingen av stiftelsen.

Artikkel V

For gjennomføringen av programmet opprettes et sekretariat med representanter fra de to landenes næringslivsmyndigheter – Verket för näringslivsutveckling (NUTEK) i Sverige og Innovasjon Norge i Norge. For tiltak i de nordlige grenseregionene bør NUTEKs kontor i Arjeplog knyttes til sekretariatet fra svensk side.

Artikkel VI

Denne avtalen trår i kraft den dag partene har meddelt hverandre gjennom noteveksling at de nasjonale konstitusjonelle prosedyrene er fullført.

Artikkel VII

Denne avtalen skal gjelde i fem år fra dagen for ikrafttreddelsen. Om avtalen ikke sies opp ett år før femårsperiodens utløp, skal den fortsette å gjelde. Etter femårsperiodens utløp kan den sies opp av en

Om samtykke til ratifikasjon av avtale av 19. mai 2004 mellom Norge og Sverige om endring av protokoll av 25. mars 1981 om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid

av partene med ett års varsel. Oppsigelse av avtalen skal skje via diplomatisk vei.

Avtalen opphører automatisk å gjelde når midlene for prosjekt innenfor rammen av avtalen er brukt opp.

Artikkel VIII

I og med ikrafttredelsen av denne avtalen opphører protokollen om opprettelse av et fond for svensk-norsk industrielt samarbeid undertegnet 25. mars 1981.

Til bekreftelse av dette har undertegnede befullmektigede ombud undertegnet denne avtale og utstyrt den med sine segl.

Avtalen er skrevet i to eksemplarer på svensk og norsk. Begge tekstene har lik betydning.

Stockholm, 19. mai 2004

For Norges regjering
Odd L. Fosseidbråten

For Sveriges regjering
Sven-Eric Söder

